

# Medlemsmøte/Gruppe- styremøte i Haram Venstre 22. mars 2014

**Stad:** Beststasjonen, Vatneeidet.

**Tilstade:** gruppeleiar Kristian Stråmyr, leiar Ole Johan Høyberg, nestleiar Thomas Vadset, og ordinær medlem Kjetil Fiskergård.

**Gyldig forfall:** styremedlem Malin Storholt, styremedlem Eili Å. Arntsen, UV rep. Håvard Urkedal.

## Saker:

### 1. Val av nominasjonskomité.

-Medlemene tilstade vel lokallagsstyret til nominasjonskomité. Alle blir oppmoda til å få tak i folk til å stå på lista vår ved kommunevalet 2015. Kristian Stråmyr sender ut appell til Sandøy Venstre om tips til listestilling.

### 2. Kommunestyresaker og orientering frå formannskapet

-Ole Johan Høyberg orienterte om sakene frå møta i formannskapet og planutvalet 20. mars.

-Ingen merknadar til reguleringssakene utover sak 015/14, der vi meiner at lokalt næringsliv må få utvikle seg når dette ikkje får vesentlege konsekvensar for nærmiljøet.

-Diskusjon om bruk av midlar i det kommunale barnevernet. Merknad til at saka ikkje blei teken opp i kommunestyret før innsending av søknad til fylket? Må ha meir openheit over pengebruken.

-Merknad på samarbeidsavtalen med Helse M&R med tanke på behandling av pårørande.

-Behovsvurdering av omsorgsplassar vart diskutert, og Ole Johan Høyberg får mandat til å forhandle med samarbeidspartnerane våre i kommunestyret for ei løysing i samsvar med kommentaren frå gruppemøtet 8. februar; «Vi vil behalde Kveldsro og Haram Kvileheim, men vurdere ombygging til omsorgsboligar. Vi vil ikkje gå inn for privatisering i inneverande periode.» Haram Venstre utelukka både sal og fullstendig nedlegging i det påfølgjande møtet i k-styret.

-Bypakken i Ålesund må ikkje føre til at ein må betale bompengar for å kome seg til og frå regionalflyplassen på Vigra.

-Ingen kommentarar til dei andre høyrings sakene.

### 3. Registrering i Einingsregisteret.

-Kristian Stråmyr orienterte om framgangen i saka.

### 4. Orientering frå lokalpolitisk nettverk.

-Kristian Stråmyr deltok for Haram Venstre, og Håvard Urkedal deltok for UV. Fokus på prosessen fram mot valet 2015. Konkurransen om beste medieoppslag fram til neste samling, premie er 2000 kr. Sjå eiga sak på heimesida for meir utfyllande info.

### 5. Plan for programarbeid.

-Vi vel eit diskusjonstema for kvart gruppemøte som vi brukar som utgangspunkt for programmet til kommunevalet.

### 6. Eventuelt

-Møte i Skodje med Pål Farstad 25. mars, vi oppmodar alle våre medlemmar til å melde seg på.

-Ev. stille spørsmål i kommunestyret om korleis den politiske styringsstrukturen fungera i praksis .

-Kristian Stråmyr undersøkar moglegheita for tildeling av kursmidlar.

## Referent:

Sekretær Kristian Stråmyr